

Med dei digitale systema som briller i teneste

Ei teoretisk oppgåve

BACHELOROPPGÅVE (BOPPG30)

Politihøgskulen

2017

Kand.nr: 613

Antal ord: 6353

Innhold

| | |
|--|----|
| 1 Innleiing | 3 |
| 1.1 Val av oppgåve | 3 |
| 1.1.1 Førforståing | 4 |
| 1.2 Problemstilling og avgrensing | 4 |
| 1.3 Metode | 5 |
| 1.4 Struktur på oppgåva | 6 |
| 2 Hovuddel | 6 |
| 2.1 Persepsjon og skjema | 6 |
| 2.2 Nærpolitireforma | 8 |
| 2.3 Dei digitale systema | 8 |
| 2.4 Eit realistisk blikk? | 9 |
| 2.4.1 Digitalisering av politiet | 9 |
| 2.4.2 Møtet med publikum | 13 |
| 2.4.3 Nærpolitireforma | 16 |
| 3 Avslutning | 18 |
| 4 Litteraturliste | 19 |
| 4.1 Eigenvald litteratur | 19 |

1 Innleiing

Samfunnet gjennomgår og har alltid gjennomgått ei kontinuerlig modernisering. I dag kan det verke som at denne moderniseringa berre går raskare og raskare. Og mykje i form av digital teknologi. Denne teknologien vert teke i bruk av både offentlege og private aktørar.

Politiet tek og i bruk ny teknologi på fleire område. I dag har dei fleste politibilar Ipadar. På datasystema ein har tilgong til fins det mykje informasjon. Dagbladet skreiv 28. oktober 2016 «Politiet lammet av datasvikt for andre dag på rad - Anundsen får kjeft for å ikke satse nok på IKT» (Støbak 2016). Dette viser og at modernisering av politiets datasystem og er av allmenn interesse.

1.1 Val av oppgåve

Temaet «relasjonen til publikum» er noko eg har interessert meg spesielt for både før og etter praksisåret, men spesielt etter at eg opplevde praksisåret. Før eg byrja på Politihøgskulen(PHS) var det mange som snakka med meg om akkurat dette temaet. Det er noko som røyrrer ved dei fleste og har vore utgangspunkt for mange diskusjonar.

Relasjonen til publikum er nett det som skapar lit til publikum. I innbyggjarundersøkinga utført av Ipsos (2016, s. 4), kan ein sjå at 81% av dei som svara på undersøkinga hadde anten svært stor eller ganske stor lit til politiet. Kun 6% svara at dei hadde ganske lita eller svært lita lit til politiet. Dette viser på mange måtar at politiet har ein god relasjon til publikum. Likevel har dette feilkjelder. Dei som svarar på undersøkingane er til dømes ikkje nødvendigvis dei som er misnøgd med politiet.

Gjennom praksisåret såg eg mange av dei som kanskje ikkje hadde så stor lit til politet. Eg undra ofte over kva som gjor at nokon hadde stor lit og andre ikkje. Dette kan vere mange ting, men eg har vald å sjå på korleis bruken av politiet sitt digitale system påverkar denne relasjonen.

Gjennom Nærpolitireforma si nettside på politi.no står det nedst på sida at eit av hovudtiltaka i reforma er at «politiets arbeid skal støttes av nye og bedre teknologiske arbeidsverktøy» (Politiet, 2016)

1.1.1 Førforståing

Gjennom spesielt praksisåret, men og tv-program som til dømes nattpatruljen og hundepatruljen har eg fått ei førforståing av kva eg trur vil verte resultatet av oppgåva. Hypotesen min er at bruken av digitale system og register i politiet påverkar relasjonen politiet får til publikum i ei negativ retning. Dette gjennom at informasjon ein kan hente i desse systema kan skape fordomar hos politifolk mot både enkeltpersonar og grupper ein møter i tenesta. Dette er noko eg vil tilstrebe å vere viss på når eg leitar etter informasjon og skriv oppgåva.

1.2 Problemstilling og avgrensing

Problemstillinga eg vil bruke i oppgåva er: Korleis påverkar bruken av det norske politiets digitale system måten vi møter publikum på i dagens samfunn?

Å påverke kan ha mange tydingar. I dette tilfellet kan det til dømes vere i hovudet på folk, mellom politifolk sjølv, eller mellom politi og publikum. I denne oppgåva vil eg halde meg til den påverkinga som vert til mellom politi og publikum.

Gjennom dette kjem ein til neste spørsmål. Kven er publikum? Og kva måte møter politiet dei på? I oppgåva vil eg fokusere på publikum politiet møter ute i den operative tenesta. Eg vil med andre ord ikkje fokusere på situasjonar som skjer inne på stasjonen som til dømes avhøyr.

Ved «bruken av det norske politiets digitale system» vil eg sjå på system eg sjølv brukte i praksisåret. Eg har derfor god kjennskap til desse systema. Indicia er eit høgt aktuelt system, men et system eg ikkje har brukt sjølv. Grunna at eg ikkje har anna erfaring med dette systemet enn opplæring i tredje året i utdanninga, vil eg ikkje gå inn på dette i oppgåva. Under kapittel 2.3 i vil eg gå nærare inn på kva digitale system eg har sett på i denne oppgåva. Dette vil vere system som er tilgjengeleg i politibilane

Tidlegare i innleiinga har eg fleire gongar nemnd erfaringar frå praksisåret. Desse har skapt inspirasjon til oppgåva, men eg vil ikkje bruke dei vidare i oppgåva.

Eg vil dra inn fleire tekstar i oppgåva, i desse tekstane inngår fleire dokument og internettsider frå Nærpolitireforma. Nærpolitireforma er ei stor reform som omfattar det meste av politiet i dag, her under kjem og dei digitale systema politiet brukar. Samstundes er reforma mykje omtala både i media og i politiet sjølv. Eg

vil dra inn moment frå reforma på fleire stader, men vil ikkje gå djupt inn på kva reforma er og detaljar rundt denne. Dette ville kravd ei større oppgåve.

Eg har gjennom førebuinga til oppgåva utvikla fleire underproblemstillingar. Desse vil vere med på å avgrense oppgåva. Spørsmål og underproblemstillingar eg vil prøve å svare på i oppgåva er:

1. Er dei digitale systema som politiet brukar i møtet med publikum med på å skape fordommar mot enkeltpersonar?

Dette er eit viktig spørsmål å tenkje over i ein politikvardag. Ikkje berre med tanke på dei digitale systema. Fordommar er noko alle har. Eg vil i oppgåva gå spesielt inn på om fordommar mot enkeltpersonar vert spesielt forsterka av den «nye» digitale kvardagen politiet har.

2. Gjev dei digitale systema som politiet brukar i møtet med publikum rett informasjon?

3. Er biletet frå desse digitale systema eit kunstig svart bilete av personar politiet møter i ordenstenesta?

Desse to underproblemstillingane høyrer saman. Politiets system som til dømes PO(sjå kap. 2.3) er bygd opp på informasjon som politiet registrerer sjølv. Her kjem ofte berre dei opplysingane som kastar negativt lys på personane fram. Dette gjer at ein kan sjå at situasjonen ikkje stemmer.

I oppgåva vil eg ikkje gå inn på styrker og svakheiter i dei digitale systema i tilhøve til kva tekniske avgrensingar dei har.

1.3 Metode

Metoden eg vil bruke for henting av kunnskap er å hente kunnskap frå allereie etablerte tekstar. Eg tenkjer med andre ord å skrive ei teoretisk oppgåve. Dette grunna at det er gjort fleire studiar om politiets digitale system og endå fleire opp mot politiets relasjon til publikum. Det er ikkje mange tekstar eg har lest som har skrive om samanhengen mellom desse, men det blir nemnd kort på side 318 i Lie (2015). Gundhus (2009) er og ei kjelde som på fleire stader nemner ting som kan brukast i oppgåva.

Det fins mange kjelder. Av desse er det både kjelder som er meir og mindre relevante. På grunnlag av dette vil det vere viktig for meg å vurdere desse kjeldene. Dalland (2012) s. 74 skriv om 6 spørsmål for å klarlegge kjeldene.

- Kva slags tekst er det?
- Kven har skrive teksten?
- For kven er teksten skriven?
- Kvifor skriv forfattaren om dette?
- Kva er formålet med teksten?
- Når er teksten skriven?

Alle desse spørsmåla må bli vurdert når eg brukar ei kjelde. Alle tinga seier noko om relevansen av teksten og motivasjon for teksten

1.4 Struktur på oppgåva

Vidare i oppgåva vil eg byrje med å avklare ulike omgrep og gå inn på ting eg skal skrive om seinare i oppgåva. Dette er alt frå omgrep ein møter innanfor psykologi til å definere dei digitale systema politiet bruker. Deretter vil eg drøfte digitaliseringa av politiet og om denne utelukkande er positiv før eg går inn på nærpolitireforma og kva denne har å seie for digitaliseringa av politiet. I tillegg vil eg drøfte om nærpolitireforma styrkar eller svekkar tillita til publikum sett opp mot dei digitale systema.

Til slutt vil eg oppsummere oppgåva og kome med eventuelle konklusjonar. Her vil eg og nemne mine subjektive oppfatningar om kva som eventuelt kan gjerast betre eller om ting kan gjerast mindre eller meir av i politiet.

2 Hovuddel

2.1 Persepsjon og skjema

Bunkholdt (2002, s. 175) definerer persepsjon som «vår personlige og subjektive opplevelse av sanseintrykk». Dette vil seie oppfatninga vi sjølv får i hovudet når vi ser, høyrer, luktar, smakar eller føler. Når desse inntrykka handlar om andre menneske, kallar ein det sosial persepsjon.

Vidare kan ein dele sosial persepsjon i to, utvelging av sanseintrykk og tolking av sanseintrykk (Bunkholdt 2002, s. 178). I og med at vi heile tida er omgjeve av

ulike inntrykk som sansane våre oppfattar, vil ein ikkje kunne tolke alle inntrykka. Ein må derfor velje seg ut ulike inntrykk. Dette er ein prosess som skjer underbevisst. Etter at ein har valt ut inntrykka må ein tolke dei. Tolkingane ein gjer, vert gjort ut frå kva ein sjølv tidlegare har opplevd, lært og oppfatta.

Ut frå persepsjon dannar det seg noko som kallast skjema. «Et skjema i denne betydningen er organiserte forestillinger og kunnskaper om mennesker, ting, hendelser og situasjoner» (Bunkholdt 2002, s. 178). Eit skjema er med andre ord ei oppfatning av noko som er lagra i hovudet vårt for at ein skal sleppe å oppfatte ting på nytt kvar gong ein opplever noko. Eit døme på eit skjema kan vere om eg seier ordet «tjuv». Alle vil då med ein gong tenkje på ein tjuv og dei eigenskapane ein tjuv har. Biletet ein då får fram av ein tjuv vil vere forskjellig frå person til person, og eigenskapane vil vere annleis ut frå tidlegare oppfatningar av kva ein tjuv er.

Eit skjema som omhandlar eigenskapane til ei gruppe menneske vil vere det ein kallar ein stereotypi. Bunkholdt (2002, s. 180) vil definere det på denne måten: «En stereotypi er en samling antakelser om innbyrdes avhengige trekk og egenskaper som man antar er typiske for bestemte mennesker».

Når desse stereotypiane utviklar seg til å verte negative mot enkelte typar menneske kan ein snakke om fordomar. Fordomar er forutfatta negative haldningar til andre menneske eller grupper av menneske (Bunkholdt, 2002, s. 195).

Khaneman (2012, s. 26) beskriv 2 system å tenkje på. Han kallar systema system ein og to. System ein verkar automatisk og hurtig, og har lita eller inga anstrenging og viljekontroll. Dette vil seie automatiserte prosessar i hjernen som ein ikkje sjølv tenkjer over skjer. Desse automatiske prosessane kan vere ting ein har øva på, eller ting ein er så vand eller oppdregen med at ein automatisk gjer eller tenkjer det ein er vand eller oppdregen til.

«System 2 tildeler oppmerksomhet til de anstrengede mentale aktivitetene som krever det, inkludert komplekse utregninger» (Khaneman 2012, s. 27). Vidare skriv Khaneman (2012) s. 27 at dette ofte vert assosiert med konsentrasjon, agens og val. Dette vil seie oppgåver ein ikkje er øva, vand eller oppdregen til, eller

oppgåver av denne typen der ein må gje mykje merksemd kvar gong ein har med dei å gjere.

2.2 Nærpolitireforma

Når eg i denne teksten skriv om nærpolitireforma, skriv eg om politireforma som vart iverksett av Solberg-regjeringa i 2015. Grunnen til at nærpolitireforma vert teken med i denne teksten er at den på mange måtar representerer «dagens samfunn» i politiet. I og med at nærpolitireforma i dag gjennom ein aktiv prosess vert implementert i det norske politiet, vil den og ha stor innverknad på det som kan kallast dagens politi. Informasjon i oppgåva om reforma vil vere henta frå to kjelder: Proposisjon til Stortinget om endringar i politilova (Prop. 61 LS (2014-15)) og Politianalysen (NOU 2013:9. (2013))

Ut frå Prop. 61 LS (2014-15), s. 5 kan ein lese at hovudelementa i nærpolitireforma er:

- «styrking av nærpolitiet gjennom krav til polititjenesten
- færre, men mer robuste og kompetente politidistrikter
- mer samarbeid mellom politiet og kommunene
- noe færre oppgaver for politiet»

Dette kan på mange måtar beskrive det som skjer i politi-Noreg i dag.

2.3 Dei digitale systema

Politiet har mange digitale system som er i bruk. Dette er kombinasjonar av både gamle og nye system. Eg vil ikkje gå detaljert inn på alle, men vil ta ut hovudpunkta frå dei aktuelle systema eg vil bruke i min tekst. Når eg nemner dei digitale systema seinare i min tekst vil det vere snakk om dei systema som kan brukast på Ipad i bilane. Det vil seie dei systema som er tilgjengeleg gjennom Citrix. Citrix er ikkje eit eige digitalt system i politiet, men er eit system som gjer det mogleg å logge på politiets digitale system frå andre stader enn kontoret eller stasjonen. Dette ved personleg brukarnamn og passord samt ein kodekalkulator med eingongskode. Citrix har gjort det mogleg å få tilgang til alle vanlege digitale system i politiet på Ipad i alle patruljebilar og på dei fleste oppdrag. Gjennom Citrix har ein tilgang til alle system. System som er brukt ofte gjennom Citrix er mellom anna «Agent».

«Agent er et system for fellessøk i politiets sentrale systemer...» (Bjerknes & Johansen, 2009, s. 135) Dette vil seie at Agent er eit system der ein i staden for å søkje manuelt på fleire ulike stader, får samla og systematisert informasjonen på ein stad. Ein får berre ei oversikt av søket. Om ein vil ha meir detaljert informasjon må ein gå manuelt inn i systema. Dei mest aktuelle systema Agent hentar informasjon frå er PO¹, FREG², SSP³, STRASAK⁴ og Autosys⁵.

2.4 Eit realistisk blikk?

Eg vil i dette kapittelet av oppgåva drøfte problemstillinga ut frå det eg hittil har skrive i oppgåva. Ved alle drøftingspunkta vil eg først gå inn på alle positive sider ved punkta. Deretter vil eg gå inn på negative sider før eg til slutt går inn på moment som både kan bli sett på som positivt eller negativt.

I det første kapittelet vil eg drøfte positive og deretter negative sider ved digitaliseringa av politiet. Så vil eg drøfte kva digitaliseringa har å seie for møtet med publikum før eg til slutt drøftar positive og negative sider ved nærpolitireforma opp mot digitaliseringa av politiet.

2.4.1 Digitalisering av politiet

«Det er ikke mulig å utvikle norsk politi til en effektiv leverandør av gode polititjenester uten å styrke forutsetningene for å ta i bruk moderne teknologi»

(Prop. 61 LS (2014-15) s. 35).

¹ PO, eller politioperativt system, er systemet politiet brukar i operativ teneste. Vaktjournalar og informasjon om kvart enkelt oppdrag vert ført inn i PO. (Bjerknes & Johansen 2009, s. 140). I PO kan ein søkje etter fødselsnummer, modus, registreringsnummer, adresser og namn for å sjekke om dei tidligare er omhandla i PO.

² Folkeregisteret(FREG) er «...et offentlig register over alle personer som har knyting til Norge» (Bjerknes & Johansen 2009, s. 145). Dette er eit system der ein kan finne familie og adresse til ulike personar.

³ Det Sentrale Straffe- og Politiopplysningsregisteret(SSP) er eit system som inneheld informasjon om nokon har er eller har vore sikta eller er domfelt (Bjerknes & Johansen 2009, s. 142).

⁴ STRASAK, Straffesaksregisteret, er systemet som inneheld opplysningar knytt til anmelde førehald(Bjerknes & Johansen 2009, s. 142). I SSP og STRASAK kan ofte same opplysningar kome fram, men om det ikkje har blitt noko sikting eller dom ut av saka, vil den ikkje visast i SSP.

⁵ Autosys er eit system administrert av Statens Vegvesen som inneheld opplysningar om køyretøy og førarkort i Noreg (Bjerknes & Johansen 2009, s. 143).

Sitatet over er første setning under punktet «Bruk av IKT» i Proposisjon til Stortinget om endringar i politilova. Dette er eit sentralt dokument i utforminga av den nye politireforma i Noreg, nærpolitireforma. Sitatet viser at dei digitale systema i politiet stadig vert viktigare. Vidare i same avsnitt der sitatet er skrivne, er det utdjupa at politiet både må betre systema som fins i tillegg til å skape nye system. Dette for å gjere politiet meir effektivt.

Det er ikkje mykje tvil i at digitaliseringa gjer at politiarbeidet vert effektivt. Informasjonsflyten ein får ved hjelp av IKT er noko som ikkje ville vore mogleg på andre måtar vi kjenner i dag. «Linjeledelsen har en viktig rolle i informasjonsflyten, og parolen er en viktig møteplass der man får kommunisert mye informasjon på kort tid» (Gundhus, 2009, s. 147) Dette viser at verbal formidling fortsatt har ei viktig rolle i informasjonsdeling. Før i tida og fortsatt i dag må ein ofte gjere ting verbalt eller sende det på brev. Dei digitale systema har eit enormt potensiale til å effektivisere politiet. Dette kan ein mellom anna sjå når ein i dag skriv informasjon inn på Ipad i bilen, har alle informasjonen er relevant for fått den før ein sjølv er tilbake på stasjonen.

At informasjonsflyten vert betre fører vidare til at ein før oppdrag kan søkje opp informasjon. Om noko er registrert i til dømes PO tidligare, har ein tilgang på denne informasjonen før, under og etter oppdraget. Dette skapar for det første sikkerheit inn i oppdraget. Ein tek dei førehandsreglane som kan vere nødvendig før ein går inn i oppdraget. For det andre skapar det, på grunnlag av persepsjon, ein grunnmur for å tolke oppdraget korrekt når ein først står oppe i det.

Med dette kjem vi vidare til notoritet. Med Jensen-saka som no rullar og går i det norske rettssystemet, er det nok mange som tenkjer at han skulle hatt meir notoritet. Med dette meiner eg at han burde registrert betre kva han gjer. Eg vil ikkje ta noko stilling til denne saka då dette er ei spesiell sak. Med dagens teknologi er det mogleg å registrere ting som skjer ute på staden på ein effektiv måte. Om ein ikkje kan registrere ting sjølv, kan ein kalle opp operasjonssentralen for at dei skal registrere det i same system som ein sjølv ikkje rekk å registrere i. For det første fører dette til at det er lett for politiet å hente opp att informasjon i ettertid og til dømes skrive korrekte rapportar. For det andre skapar det ei større rettssikkerheit for involverte partar. Med så mykje registrering vert det vanskelegare for tenestemenn å pynte på sanninga i ettertid.

«Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer» er overskrifta på NOU 2013:9. (2013). Med dette vert det lyfta fram som eit særst viktig moment at politiet skal ver eitt politi. Eitt politi vil på ein måte seie at vi har same føresetnad for å gjere oppdrag like godt i ulike tilfelle. Dette er noko IKT hjelper til med å skape. Som ein har sett tidligare vil ein få same informasjon om ein søker opp ein person i Finnmark som om ein søker han opp i Oslo.

Gjennom digitale system kan ein i tillegg til dømes sjå på tilgangen på planverk. Via dei digitale systema kan ein få tilgang til planverk laga spesielt for enkelte stader. Kwart politidistrikt har sine planverk. Dette gjer at dei ulike patruljane har same informasjon når dei kjem til ein stad. Det fører vidare til at det i stressande situasjonar kan treffast rette slutningar, og at desse slutningane vert utført må korrekt måte.

Eit anna moment som talar positivt for digitale system er at ein kan registrere for ulike føremål. Både ordensoppdrag, etterforskning og førebyggjande oppdrag er ting som vert registrert.

I NOU 2013:9. (2013) s. 19 kan ein lese at den registrerte kriminaliteten i både Noreg og Europa går ned, men at den stadig vert meir kompleks, grenseoverskridande og organisert. Kriminaliteten er ikkje berre grenseoverskridande, men går og landet både på tvers og langs. Med dei moglegheitene eg tidligare i kapittelet har peika på, viser dette at dei digitale systema vert særst viktige. Ikkje berre ved at ein kan søkje landsdekkjande, men at ein og har system som går over landegrenser.

Eg har hittil i drøftinga berre gått inn på positive moment ved digitalisering av politiet. Ut frå dette kan det verke som det utelukkande er positive konsekvensar av at politiet bruker meir IKT. Eg vil no gå inn på dei negative sidene.

I NOU 2013:9. (2013) s. 193 visast det at det vert satsa meir på IKT i politiet. I perioda 2008 til 2012 gjekk satsinga på IKT i politiet opp med tilnærma 295 millionar kroner, frå 736 til 1031 millionar. Dette viser at IKT er dyrt. I ei tid der ein ofte høyrer i media at ferdig utdanna politifolk ikkje får arbeid er dette noko mange ser på. Ved å sjå på ressursane som går med på IKT kan ein tenkje seg alle politibetjent-stillingane dette svarar til.

Sjølv om ein kan registrere informasjon i systema for ulike føremål er det ikkje alltid dette kjem klart fram. «Det er lite informasjon å hente ut fra PO utover stikkordsmessig loggføring av hendelser» (Gundhus, 2009, s. 144) Det fins kategoriar for ulik informasjon som vert registrert, men med menneske som registrerar vil det av og til verte registrert både for mykje informasjon og for lite. I tillegg til at det ikkje kjem klart fram kva informasjonen skal brukast til, hindrar ikkje dette informasjonen i å bli brukt til andre ting. Dette vil eg kome nærare tilbake til i neste kapittel.

At føremålet med informasjonen ikkje alltid er tydeleg heng og saman med kven som registrerer informasjonen. Kva polititenesteperson som er på oppdraget har mykje å seie for kva som vert registrert i dei digitale systema. I tillegg har det og mykje å seie for korleis informasjonen vert registrert. Ein elles positiv informasjon kan oppfattast negativt om det er skrive på ein feil måte.

Som tidligare vist, er informasjon i dei digitale systema tilgjengeleg på Ipad og PC der politipersonen loggar seg inn via Citrix. Dette kan og gjerast heime hos personen. At informasjon er så tilgjengeleg som den er grunna dei digitale moglegheitene vil gjere den lettare å misbruke. På ei side kan ein sjå at dei digitale systema gjev rom for notoritet, og at all uthenting av informasjon vert registrert. Dette vil gjere at det er lettare å oppdage om nokon misbrukar informasjon dei finn i dei digitale systema. På ei anna side kan ein sjå at sjølv om alle uttak av informasjon vert registrert, vil det vere vanskeleg å kontrollere. Med fleire tusen personar innlogga på systema kvar dag, der kvar av dei hentar informasjon fleire stader og fleire gonger, vil det vere omtrent umogleg å finne ut om nokon misbrukar informasjon. I tillegg kan informasjon henta ut på rett grunnlag, brukast til feil føremål i ettertid.

Som eg nemde i innleiinga kunne ein i årsskiftet 2016/17 lese i fleire mediar om svikt i dei digitale systema. Dette var i hovudsak BL. Med så mange digitale system der fleire av dei byrjar å verte gamle, vil moglegheitene for svikt verte større. Om systema sviktar vil plutsleg alle moglegheitene ein får av systema forsvinne.

«Jo mer informasjon som er tilgjengelig, desto mer nødvendig oppleves informasjonen for å kunne ta en beslutning» (Lie, 2015, s. 318). Når dei digitale

systema er blitt så tilgjengelege som dei er, vil dette og føre til at dei vert ein større del av kvardagen til politiet. Dette kan skape ei moglegheit for at politifolk vert meir avhengege av systema. Svikt i systema kan med dette føre til at politiet vert lamma i større grad enn det elles kunne blitt.

På ein måte kan ein sjå at informasjonen i dei digitale systema er korrekt. Det som vert skrive i dei digitale systema skal stemme. På ein annan måte kan ein sjå at sjølv om informasjonen som er registrert der er korrekt, treng ikkje denne informasjonen å ha alle detaljar om oppdraget. Dette vil seie at informasjon kan vere mangelfull. På same side kan ein sjå at ikkje alle oppdrag vert registrert. Dette fører til at registra kan vere mangelfulle i seg sjølv. Samtidig er det slik at det er personar som registrerar informasjonen, med dette vert det skapt moglegheiter for feilregistrering eller i verste fall falske registreringar. Dette vert vanskeleg å oppdage, og kan få store konsekvensar for enkeltpersonar.

2.4.2 Møtet med publikum

«Utviklingen i samfunnet og kriminaliteten stiller nye krav til politiets ansatte, både for å møte publikum på en god måte og for å bekjempe kriminaliteten.»

(NOU 2013:9, 2013, s. 207)

Eit klart stort argument som talar for bruk av digitale system i møtet med publikum, er at ein som politi veit kven ein har med å gjere. Det å vite når ein har med nokon som utgjer ein risiko for politiet, vil kunne gjere moglegheitene for skade i tenesta mindre. I tillegg kan ein i andre tilfelle få informasjon om kva ein skal sjå etter. Dette kan føre til eit meir treffsikkert oppdrag. Publikum nyt og fordelar frå dette. Om det er registrert ei liding eller liknande på ein person, kan politiet på ein betre måte hjelpe personen.

Det er naturleg å vere litt usikker eller spent når ein dreg ut på oppdrag. Ein veit til dømes sjeldan kva som møter ein på staden eller om meldinga i det heile teke er sann. Med dagens løysing med Citrix på Ipad i bilane kan ein sjølv gå inn på oppdragsloggen og lese meldinga og anna informasjon. Over samband er det lett for at meldinga vert i kortaste laget og at informasjon som kan ha betydning fell vekk.

Som eg viste i teoridelen av oppgåva har alle ei førforståing om situasjonar og menneske når ein møter dei. Ved hjelp av dei digitale systema kan ein på ei side få

meir info å byggje førforståinga på. Skjemaet ein har i forkant kan verte gjeve påfyll med informasjon. Dette kan hjelpe med å skape eit korrekt bilete av situasjonen når ein står i den. På den andre sida kan og dette slå feil. Dette vil eg kome tilbake til seinare i kapittelet.

Eg har no nemnd positive konsekvensar av digitaliseringa av politiet i møtet med publikum. Vidare i oppgåva vil eg gå inn på negative konsekvensar dette kan få.

«Det er vanskelig å slippe unna identiteten som kriminell når datasystemene oppbevarer, lagrer og sammenlikner informasjon i forebyggingsøyemed» (Midtveit sitert i Lie, 2015, s. 262). Her skriv Midtveit om informasjon lagra i førebyggings augemed, men informasjon lagrast i mange fleire augemed enn for førebygging. Ei melding i PO vert ikkje berre sletta. Dommen frå då ein person var ung vert heller ikkje berre sletta. For politiet kan ei melding i PO frå tidligare i livet til ein person, vere det momentet som gjer at personen vert stansa. Med informasjon lagra i dei digitale systema, kan det dermed verte vanskeleg å sleppe unna ein identitet som kriminell.

Med dette kjem ein vidare til det ein kan kalle overkontroll. Nafstad (2011) s. 38 skriv at marginaliserte rusmisbrukarar ber med seg ein kropp som uttrykkar noko uynskt og kriminelt. Tidsskriftet er meint som ein kritikk til politiet og vektarane i Oslo. Om ein ser på bruk av digitale system i politiet, er det slik at alle ber med seg eit personnummer. Om ein køyrer bil, er denne registrert med registreringsnummer. På dei digitale systema fins informasjon om «tidligare synder. Desse tidligare syndene er det vanskeleg å verte kvitt. Om politiet søker opp nokon sin bil, kjem syndene fram, ikkje berre på bilen, men på eigar. Dette kan lett føre til kontroll, som vidare kan føre til at personen vert teken enda ein gong og dermed får enda ei synd i systema. Dette kan vidare føre til ein overkontroll og at registreringsnummer på bilen eller personnummer vert ein digital «kriminell kropp». Personnummer er rett nok noko ein må spørje om å få, men dette er noko politiet ofte spør om i kontakt med publikum.

Vidare kan ein sjå på når nokon vert stansa og dette ikkje fører til at personen vert teken for noko. Dette vert ikkje registrert. Ein bil som er stansa hundre gongar utan å ha blitt teken for noko, vil ikkje kome fram i dei digitale systema. «Til tross for at man har en oppfatning av at informasjonen er beskrivelser av virkeligheten,

glemmer man at informasjonen kun er biter av virkeligheten» (Lie, 2015, s. 320). At nokon hjelper politiet eller andre med noko, er ting som sjeldan kjem fram i dei digitale systema. På ei side finn ein at tinga som står i systema er ting som faktisk har skjedd. På ei anna side er det som står der berre ein bit av verkelegheita. Dette vil vere viktig for politifolk å forstå når dei er i teneste.

«Stereotypier beror på overlevert, mangelfull og til dels feilaktig informasjon som blir kombinert til et skjema» (Bunkholdt, 2002, s. 181). Når stereotypiane er blitt til fordomar, der ein ser ned på enkelte menneske og grupper, vil dei verte farlig i eit yrke som politi. Med fordomar som bakgrunn for stopp og sjekk kan ein skape situasjonar der ein vil kome til å registrere negative opplysingar i dei digitale systema. Desse negative opplysingane kan gjere at andre politifolk ynskjer å kontrollere denne personen eller bilen på eit seinare tidspunkt. På denne måten har fordomane frå ein person spreidd seg til fleire personar. Vidare kan dette skjerpe kontrollblikket som del av «politiblikket». «Politiblikket» er eit omgrep Finstad (2000) brukar for å utforske politiets «briller», forståingar og handlingar (Finstad 2000, s. 26).

Som eg tidligare har vist, kan ting som står i dei digitale systema vere utgangspunktet for kontroll av person eller køyrety. Med denne informasjonen i bakhovudet når ein går inn i ein situasjon, kan ein påverke persepsjonen. Ein kan gjere det ein kallar selektiv persepsjon. Dette vil seie å berre sjå etter det som bekreftar det ein veit frå før. Dette heng saman med Khanemans system ein og to. Ved å berre bruke system ein, anstrengar ein seg ikkje for å sjå etter alle ting i situasjonen. Ein ser etter det ein tenkjer vil vere der. Om ein brukar system to vil ein kunne sjå ting som ikkje berre bekreftar det ein veit. Politiutdanninga tek rett som det er sikte på å lære politifolk å bruke system 2 aktivt i tenesta. Dette gjer dei gjennom å ha fag som psykologi, sosiologi, vitskapsteori, etikk og andre liknande fag på skulen. Likevel vil der vere dagar og situasjonar der ein, sjølv som godt skulert politimann, vil vere ukonsentrert og ikkje bruke system to aktivt.

Som nemd i førre kapittel er det ikkje alltid tydeleg kva føremål informasjonen er registrert for. Og om det er tydeleg, er det ikkje noko i veggen for at informasjonen vert brukt til andre føremål. «Siden IKT brukes både tradisjonelt og forebyggende, kan hybridiseringen tilrettelegge for at det i større grad oppstår rettssikkerhetsproblemer når politiet jobber proaktivt» (Gundhus, 2009, s. 247).

Ting som er registrert for førebyggjande kan brukast til tradisjonelt arbeid og omvendt.

Folk er ikkje berre objekt der ute, heilt adskild frå ein sjølv. Folk er slik ein sjølv oppfattar og fortolkar dei (Christoffersen, 2011, s. 58). Dette heng tett saman med persepsjon og system ein og to. Gjennom dei digitale systema får ein påfyll som hjelper til med denne oppfatninga og fortolkinga. Dette gjer at ein allereie før ein kjem på staden har ei formeining om kven ein har med å gjere. På ein måte er dette ein god ting. Ein treng ikkje å oppfatte personen på nytt kvar gong for å vite kven det er. På ein annan måte er det vanskeleg for oss å opne blikket for at personar kan ha endra seg eller at informasjonen vi har er misvisande. Når vi har gjort oss opp ei meining om kven den andre er, kan ein ha ein selektiv persepsjon og berre sjå det som bekreftar det ein sjølv meiner.

Finstad (2000, s. 124) skriv om at politiet stoppar dei som erfaringsmessig gjev gevinst for politiet å stoppe. Det vil seie at politiet tek tjuven når dei stansar desse personane. Vidare skriv Finstad «når politiblikket blir treffsikkert, mottar personen som bærer velkjente tegn på å ha er miserabelt liv, enda en livspåkjenning» (Finstad 2000, s. 124). Ved kunnskap frå dei digitale systema, kan desse velkjende teikna verte tydlegare. Ikkje berre treng det å vere velkjende teikn, det kan og vere andre ting som er registrert. Med dette kan dei digitale systema forsterke politiblikket, og gjere det meir treffsikkert enn det allereie er ut frå erfaringskunnskap. Dei digitale systema fører kunnskap frå andre saman med eins egne erfaringar. På ei side kan ein sjå dette som positivt. Eit meir treffsikkert politiblikk vil seie at ein får høgare måltal i tillegg til at ein tek personar som faktisk har gjort noko gale. På den andre sida kan dette vere med å forsterke kontrollen av allereie kontrollerte grupper, og dermed vere med på å skape kjenningar for politiet. Dei som allereie er mykje kontrollert, vert meir kontrollert. Dei som vert meir kontrollert vert og lettare meir teken. Den som vert meir teken kan etter kvart sjå dette som sin identitet.

2.4.3 Nærpolitireforma

Nærpolitireforma legg opp til færre politidistrikt og færre einingar ute. Dette for å spare politiet for dei kostnadane det er å ha einingar. Med einingar på færre stader, vert det i dag mykje diskutert om reforma faktisk kan kallast ei «nærpolitireform».

Eg vil ikkje gå inn på denne diskusjonen, men eg vil drøfte moment ved å ha mindre nærpoliti.

«Ved å legge til rette for større enheter, vil politiet kunne skape mer robuste fagmiljøer med større grad av spisskompetanse, samtidig som mer politikraft frigjøres til operativ og synlig polititjeneste» (Prop. 61 LS 2014-15, s. 6). Dette er eit av dei store argumenta for reforma. Fleire ressursar vert frigjorde og desse ressursane kan brukast meir korrekt. Dette gjer at det vert frigjord ressursar til å bruke på IKT. Eit av argumenta i politianalysa var at «tross god ressurstilgang har man ikke evnet å utvikle en effektiv organisasjon eller gi dagens politi nødvendig og tidsmessig teknologiunderstøttelse» (NOU 2013:9, 2013 s. 17). Dette viser at noko av tanken med nærpolitireforma er å frigjere ressursar til nettopp IKT. Med dette kan ein få betre system som kan kommunisere lettare. I tillegg kan ein leggje inn moderne og enkle funksjonar som gjer systema meir brukarvenleg. Dette kan vidare føre til mindre feilføring og at ein kan stole meir på informasjonen ein finn i systema.

Samtidig med dette vil mindre nærpoliti seie at politiet har ansvar for stader dei ikkje til vanleg er i. Med dette meiner eg stader politiet ikkje sjølv bur i til dagleg eller kjenner områda og befolkninga i. På ei side kan ein sjå på at dette kan vere positivt. Ved å ikkje kjenne område eller dei som bur der vert det lettare å ikkje førehandsdøme folk. Mykje førehandsinformasjon gjer det vanskelegare å opne politiblikket for alternative tolkingar av korleis kjenningar er (Finstad, 2000, s. 119). Vidare skriv Finstad: «Jo større geografisk nærhet, jo større kunnskap om detaljer og sammenhenger» (Finstad, 2000, s. 122) Om ein ser på dette punktet vil ein i ei teoretisk verd sjå at politiet etter nærpolitireforma vil møte folk meir objektivt. Dette er noko som fleire stader er understreka som viktig i arbeidet som politi. På ei anna side kan ein sjå på at informasjon i dei digitale systema ikkje påverkar at den enkelte polititjenesteperson ikkje har kjennskap til ulike personar. Om ein søker opp nokon i Agent vil ein få opp alle meldingar i PO og alle saker ein er involvert i. Med mindre lokalkunnskap vert ein tvinga til å hente kunnskap frå andre kjelder før oppdrag. Desse kjeldene kan vere politiets digitale system. Eit negativt moment med dette er, som eg tidligare har fastslått i oppgåva, at det berre er negativ informasjon som kjem fram i desse kjeldene. Dette gjer at dei digitale systema ikkje kan erstatte god lokalkunnskap.

3 Avslutning

Gjennom oppgåva har eg peika på fleire moment som talar for at digitale system er viktig i politiet i eit moderne samfunn. På mange måtar er politiet blitt avhengege av systema for å arbeide effektivt og forsvarleg. Både med tanke på tryggleiken for politifolk og publikum tyder mykje på at dei digitale systema vil ha mykje å seie i framtida.

Samtidig med dette har eg og gått gjennom negative sider ved at politiet vert digitalisert. Med dette kjem eg tilbake til problemstillinga i oppgåva: Korleis påverkar bruken av det norske politiets digitale system måten vi møter publikum på i dagens samfunn?

Eg har vist at bruken av digitale system både påverkar måten politiet møter publikum på i både positiv og negativ retning. Dei digitale systema bidreg til at politiet møter publikum på same måte uansett kvar dei er i landet. På same sida kan informasjon som kjem fram i oppdraget lettare organiserast i skjema når ein har noko å byggje på frå før. Samtidig har eg vist at systema kan føre til stereotypiar og fordomar gjennom at det berre vert registrert negative ting. Gjennom fordomar kan politiblikket verte styrka til å skape kjenningar. Under dette punktet kan ein og sjå at systema kostar mykje, oftare kan gje svikt og gjer at polititenesta er avhengig av å ha kunnskap frå dei digitale systema.

Ein kan trekke fleire konklusjonar ut frå oppgåva. Først kan ein sjå på at dei digitale systema har stort potensiale for å gjere kvardagen for politiet lettare og meir effektiv. Dette er nok mykje av grunnen til at det vert satsa så mykje på digitalisering. Vidare kan ein sjå på at det samtidig vert skapt eit potensiale for fordomsskaping. Dette er noko som på mange måtar kan verte redda av gode tenestemenn og kvinner med ei grundig utdanning som gjer ein klar over faren for fordomar. Siste konklusjon er at potensialet for negative konsekvensar ved bruk av digitale system i operativ teneste bør utgreiast betre gjennom forskning. Denne forskinga bør sjå på kva måtar dei digitale systema kan byggjast opp, brukast og kontrollerast for å skape minst moglegheiter for å «skape kjenningar»

4 Litteraturliste

- Bjerknes O. T. og Johansen A. K. H (2009) *Etterforskningsmetoder – en innføring*, Bergen: Fagbokforlaget
- Christoffersen S. Aa. (2011) *Profesjonsetikk – om etiske perspektiver i arbeidet med mennesker*, Oslo: Universitetsforlaget
- Dalland O. (2012) *Oppgaveskriving for studenter*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Finstad L. (2000) *Politiblikket*, Oslo: Pax Forlag AS
- Gundhus H. I. (2009) *For sikkerhets skyld: IKT, yrkeskulturer og kunnskapsarbeid i politiet*. Oslo: Unipub
- Ipsos (2016) *Politiets innbyggerundersøkelse*, Henta frå: https://www.politi.no/vedlegg/lokale_vedlegg/politidirektoratet/Vedlegg_4401.pdf
- Khaneman, D. (2012) *Tenke fort og langsomt*, Oslo: Pax Forlag AS
- Lie E. M. (2015) *I Forkant, Kriminalitetsforebyggende politiarbeid* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Nafstad I. (2011) *Rusbrukere i det offentlige rom i Oslo: De kriminelle kroppene*. Materialisten: Tidsskrift for forskning, fagkritikk og teoretisk debatt 38(1)
- Politiet (2016, 18.03.16), *Politi.no: Nærpolitireformen*, Henta frå: https://www.politi.no/om_politiet/politireformen/
- Støbak, T (2016, 28. oktober) *Politiet lammet av datasvikt for andre dag på rad - Anundsen får kjeft for å ikke satse nok på IKT*. Dagbladet.no, Henta frå: <http://www.dagbladet.no/nyheter/politiet-lammet-av-datasvikt-for-andre-dag-pa-rad--anundsen-far-kjeft-for-a-ikke-satse-nok-panbspikt/64032711>

4.1 Eigenvald litteratur

- Bunkholdt (2002) *Psykologi, En innføring for helse- og sosialarbeidere*, Oslo: Universitetsforlaget AS
- NOU 2013:9. (2013). Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer, Politianalysen. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning
- Prop. 61 LS (2014-2015). (2015) Endringer i politiloven mv. (trygghet i hverdagen – nærpolitireformen).: Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 6. mars 2015 godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Solberg) [Oslo]: Det kongelige Justis- og beredskapsdepartement.